

NATUR OG KULTUR

Segner og historie



Foto: Anne-Björg Haugan

TUDDAL KYRKJE OG TROLLA I 1796 bygde Tuddølane den vakre krosskyrkja som du passerar på turen. Dei fem trolla i Tuddal lika dette dårleg fordi klokkene bråka så fælt. Dei blei derfor einige om å kaste stein på ho for å få fred. Heldigvis råka ingen av steinane, men du kan sjå ein av dei frå stigen. Det er steinen til Sjuke-Knut Njuke. Den ligg like ved foten av Njuke, i sørenden av vatnet på ein stad som heiter Djupebuk. På turen ser du heim til fire av desse trolla. Dei er Lurv Lønnås, Håkjepett Høvdæås, Fluks Flugonfjell og Sjuke-Knut Njuke. Den femte Bøyg Bodik er lengre sør.

HOVDEFOSSEN Tek du ein liten avstikker til venstre etter Rindebrua ser du den vakre Hovdefossen med jettegryter og flate, fine berg. Hølen over fossen var før i tida ein populær vaskeklass. Her var det strekt klessnorer så ein kunne tørke vasken sin. Du ser og restar av dammen til den gamle saga her.

KVA KAN DU SJÅ PÅ TUREN?


PÅ DENNE TUREN ser du fjella der fire av dei fem trolla i Tuddal bur. Om du stirer lenge nok kan det godt hende at du får ein glimt av eit eller fleir av trolla, men det er bare etter att sola har gått ned.

Foto: Anne-Björg Haugan




Her bur trollet Sjuke Knut

Njuke



Her bur trollet Fluks

Flugonfjell



Her bur trollet Lurv

Lønnås



Her bur trollet Håkjepett

Høvdæåsen



Foto: Mari Nymoene, Telen



Foto: Ivar T. Dahl

NATUR OG KULTUR

Kulturopplevingar



Foto: Anne-Björg Haugan

BØENLOFTET

frå 1204, som er Tuddals eldste hus, kan du sjå på andre sida av vegen for Bøen kiosk og kafé.

Kafeén serverar bl.a. god heime-laga tradisjons-mat. (NB! Sjekk opningstidene.)

Tuddal Bygdetun

er ei flott samling

av gamle hus frå Tuddal. Sundagen nærast 20. juli kvart år er det Bygdedag her. Ope i sommarsesongen, elles etter avtale. I **Buens Kulturverkstad** kan du sjå biletkunsten til Knut og Tone Buen (etter avtale).

På **Tuddal Amfi** er det flotte kulturarrangement på sommarstid. Stigen blir også bruka til springeetappa under Tuddal Triathlon som blir arrangera siste laurdag i juli kvart år.

Layout: Nirma Aleksveen / Trykk: Erik Tøranche Nilsen as



www.visittuddal.no

Vandreregionen

www.vandretelemark.no www.hjartdal.kommune.no

Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Hjartdal kommune med støtte frå TELEMAR FYLKESKOMMUNE

5,4 KM RUNDTUR / 2 TIMAR
(2,4 KM PÅ GRAS/GRUS, RESTEN ASFALT)
LETT TUR →



Tuddal

TURMÅL Bjårvatn rundt

TEMA Familietur, kulturvandring




Foto: Anne-Björg Haugan

NØKKEN I BJÅR: Her under Rindebrua bur Nøkken, og er du heldig kan det hende du får eit glimt av han. Men – han er sky og viser seg helst i skumring, eller når det er tåke så du må kikke nøye etter.

Om turen

LETT TUR for heile familien gjennom flott natur, full av kultur og historie. Du går på vestsida av vatnet til du møter Bondalsvegen. Deretter følger du bilvegen gjennom sentrum med bl.a. Tuddal kyrkje, skulen, Bøenløftet, Bøen kiosk og kafé, Tuddal Bygdetun, Buen Kulturverkstad med Amfi og Tuddal Joker.

Køreforklaring

Start turen ved Fossehelli, ungdomshuset i Tuddal ved fv. 651, ca 1,5 km sør for Tuddal kyrkje. Her parkerer du bilen, kryssar fv. 651 og går inn vegen rett over. Gå over brua og hald til høgre, du er då på Folkestigen Bjårvatn rundt. God tur! Fv. 651 er Fjellvegen over Gaustatoppen, mellom Sauland og Rjukan.



Start: (GPS: N59°44.658' E008° 48.649')
Slutt – rundtur/parkering:
(GPS: N59°44.662' E008° 48.658')

Fakta: Langs stigen kan du finne både blåbær, tyttebær og multer. Rik flora. Beverhus. Badestrand ved Helsehuset, fiske (fiskekort kjøpas hos Joker Tuddal) og rasteplass (bord/benkar) med flott utsikt mot sentrum.

Barnevogn:

Denne turen kan du fint sykle, eller ta med barnevogn.

Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs. Ta omsyn til naturen og beitande dyr. Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!



Kart:
Gaustatoppen med Tuddal og Gaustablikk
1 : 25 000

Kart: AT plan.
Kjelde: Statens kartverk,
Geovekst og kommuner



Tilgang: Heile året
Høgste punkt: 500 m



Målestokk 1 : 35 000

Ekvidistanse 20m

..... = merkt sommarløype

